

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 17.11.2010
 Frå: **Administrerende direktør**
 Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 14.11.10**

Arkivsak

2010/38

Administrerende direktør si orientering pkt 7

Styresak 120/10 O

Styremøte 01.12. 2010

Dato for brev	Saka gjeld	Status
18.06.10	Høyring – NOU 2010: 3 "Drap i Norge i perioden 2004 – 2009".	Høyringsfrist 01.11.10. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar. Helse Vest har i uttale 29.10.10 meldt at ein ikkje har merknadar i saka.
17.08.10	Høyring – Forslag til revidert forskrift om rettar og bruk av tvang under opphald i barneverninstitusjon.	Høyringsfrist 15.11.10.
20.08.10	Høyring – Grønbok om løysingsmodellar for ein europeisk kontraktsrett.	Høyringsfrist 20.11.10.
31.08.10	Høyring – Utkast til endring av forskrift som gjeld akkreditering av doktorgradsstudiar.	Høyringsfrist 01.12.10. Helse Vest har i uttale 14.11.10 generelt gitt støtte til arbeidet med å styrke kvaliteten på utdanninga medrekna doktorgradsstudiar. Helse Vest har likevel i avgrensa grad hatt kapasitet til å gi ein nærare vurdering av dei aktuelle endringane, men vist til uttale frå Helse Stavanger som har vurdert forslaga og slutta seg til endringane.
03.09.10	Høyring – Forslag til samleforskrift for psykisk helsevern.	Høyringsfrist 15.12.10.
20.09.10	Endring i forskrift om godkjenning av sjukehus og om landsfunksjonar og medisinske kompetansesenterfunksjonar ved sjukehus mv.	Høyringsfrist 01.11.10. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.

		Uttale sendt 03.11.10. Saka blei presentert under administrerande direktør si orientering i styremøte 2. november 2010.
24.09.10	Utkast til nasjonal retningslinje for gravide i LAR og oppfølging av familiane fram til barnet når skulealder.	Høyringsfrist 31.12.10. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
05.10.10	Stoltenbergutvalet. Rapport om narkotika.	Høyringsfrist 07.01.11. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
18.10.10	Forslag til ny folkehelselov. Lova vil saman med ny helse- og omsorgslov erstatte kommunehelsetenestelova, sosialtenestelova og lov om fylkeskommunar sine oppgåver i folkehelsearbeidet.	Høyringsfrist 18.01.11. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
18.10.10	Forslag til ny kommunal helse- og omsorgslov. Lova vil saman med ny folkehelselov erstatte kommunehelsetenestelova, sosialtenestelova og lov om fylkeskommunar sine oppgåver i folkehelsearbeidet.	Høyringsfrist 18.01.10. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
18.10.10	Høyring – innspel på utvalde tema til Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011 – 2015).	Høyringsfrist 18.01.10. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
22.10.10	Høyring – utviding av virkeområdet for strafferettslege særreaksjonar for utilreknelege som gjer vedvarande og samfunnsskadeleg kriminalitet.	Høyringsfrist 01.02.11.
26.10.10	Høyring – utkast til forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgare utdanning og fagskoleutdanning.	Høyringsfrist 26.10.10.
01.11.10	Smittevern for vaskeri som behandlar tekstilar til helseinstitusjonar.	Høyringsfrist 22.11.10. Helse Vest har bedt Helse Bergen ved kompetansesenter for sjukehushygiene vurdere om det er ønskeleg å gi ein uttale.